



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

# KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 4 • DESEMBER 2023  
83. ÅRGANG



Ei strime av von  
Side 3



Adventsutstilling i Øystese  
Side 4



Vennefest i kyrkja  
Side 8



Bygge fellesskap i ny kultur  
Side 10

## FRAMSIDA

Biletet på framsida er av Benjamin Levi Oma, Samuel Andreas Om og Rebekka Opdal som pyntar tre i Norheimsund kyrkje i 2022.



## GIRO

Vedlagt følgjer ein giro som kan nyttast til å senda ei julegåve til Kyrkjeblad for Kvam. Vipps nr 584927 kan også nyttast.

## LEIAR

### Born i Gaza- og i Yemen

Røysta i telefonen på kontoret mitt er umiskjennleg harmdirrande: - No må kyrkja også våga stå opp for Palestina og deira sak! Det føregår eit folkemord nede på Gaza, og ingen kan då ikkje vera upåverka av dette? Dama i telefonen er oppriktig opprørt.

Seinare same dag får eg ein tekstmelding frå ein organisasjon: - Støtt Israel sin kamp for å overleva! No må kyrkja slå ring om jødane sin rett til å leva i fred i sitt land.

Midt imellom står eg og du, og kjenner sorg og maktesløyse koma krypende. Det er så mange som døyr, så mykje urettferd, så mykje vondskap. Men det er også så sterke meiningar, så polarisert debatt, så lite rom for å snakka med innestemme. Kva er det med denne konflikten som skapar slikt eit enormt engasjement? Bindsterke verk fortel oss ulike soger om dette landområdet som me alle har ei kulturell tilknytning til. Her ligg arnestaden for mykje av den vestlege sivilisasjonen, her finn me knutepunktet for mange av dei store verdsreligionane.

I dette lyt kvar av oss finna sin veg. Me som kyrkje skal alltid stå opp for den svake, for den som lid urett. Og nett no flimrar sterke bilete frå Gaza gjennom sosiale media i eit omfang verda aldri

### Olav Skeie Lid

Redaktør



har sett før. For ein måned sidan sat me og var skaka over vondskapen som kom til overflata den 7. oktober, då Israel vart offer for bestialsk terror.

Den historiske støtta til Israel frå kyrkja torer vera velkjent. Etableringa av staten Israel rørte ved mange strenger, og støtta har vore unison og sterk i mange tiår. Men gradvis har nok mange ihuga israelsvenner også fått augo opp for dei lidningar som er påført folket i Palestina. Me er mange som har vore gjennom ein glideflukt i våre synspunkt ettersom åra har gått. Nett no er det vanskeleg å sitja stille og sjå på kva som skjer i Gaza.

Og framleis fell bombene, framleis døyr småborn under samanraste hus. Samstundes veks jødehatet kring i verda, og antisemittismen stikk sitt hovud fram overalt. Kven kan gje oss visdom? Kvar finst det informasjon me kan stola på? Kanskje må me som kristne spørja som mange ungdomar gjer, der dei går rundt med eit armband med påskrifta: WWJD

Oversett: What would Jesus do? Og midt i det tragiske som fyller alt i alle nett no: i den gløymde krigen i Yemen har 270 000 barn mista livet siste åra. To hundre og syttitusen. Kven går i fakkeltog for barna i Yemen?

Herre, sjå i nåde til oss alle....



### Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

### Ansvarleg redaktør:


Olav Skeie Lid, epost: ol485@kyrkja.no

### Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

### Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



### Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

### Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver  
Vipps #584927

### Annonsar:

Kontakt redaksjonen

### Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

### Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no



### Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

### E-post:

post.kvam@kyrkja.no

### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,  
Kyrkjevej. 40, Norheimsund

### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/Kvam](http://www.kyrkja.no/Kvam)



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einskilde sokneråd.**

### Kyrkjeverja i Kvam:

Kyrkjeverje i Kvam:  
Olav Skeie Lid, tlf 41 400035,  
epost: ol485@kyrkja.no

### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,  
vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

### Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,  
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

### Kvam kyrkjelege fellestråd:

Lisbeth Henriksen,  
lisbethhenriksen931@gmail.com

### Rådsleiara Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal  
mmtordal@gmail.com

### Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes  
a.h.fylkesnes@gmail.com

### Øystese sokn:

Kjell Dysvik,  
kjell.dysvik21@gmail.com

### Ålvik sokn:

Ida Lindø  
idalind@online.no

### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellestråd:**  
976 995 082



# Ei strime av von



Ragnhild Jepsen i snø. I år feirar ho si fyrste jul som biskop.

Foto: Jens Z. Meyer, Bjørgvin bispedømekontor

**Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.**

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal

bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik:

*Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.*

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som

seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.





# LYS VÅKEN

Aldri er energinivået i kyrkja høgare enn når 21 femteklassingar inntek kyrkja med sovepose under armen. Den årlege hendinga "Lys vaken" - eller ljøs vaken, som min gamle lærar ville ha sagt - vart gjennomført ei helg no i november i Norheimsund kyrkje. Det var aktivitetar ute og inne i timevis, det var engasjerte foreldre med og utan kakefat under armen, og pizzalukt blanda med eimen av popkorn. Midt i det heile var trusopplærar Solfrid Lindøy hjarteleg til stades med sine gode frivillige hjelparar. Innøving av dramastykke til sundagens gudsteneste hørde også med. Og då sundagen opprann med sol over frosne vidder, var det ein spent gjeng med femteklassingar som stod for mykje av innhaldet i gudstenesta. Ei stor oppleving for oss som sat i benken og fekk med oss både song og drama.

**Men soving vart det lite av, seier saga.**



## *Adventsutstilling i Øystese kyrkje*

**Solrunn Nes sine ikon heng i mange heimar i Kvam. Ho er anerkjend for å vera ein av vår tids leiande ikonmåljarar – det seier ikkje lite.**

No i adventstida vert det atter eit høve til å møte hennar kunst. Øystese kyrkje opnar dører og stiller vegger til disposisjon. Utstillinga vil opna etter ljøsmessa 10. desember, og vera open måndagar, onsdagar og fredagar kl 16.00 – 18.00 fram til jul. Solrunn Nes vil sjølv vera der og møte deg i opningstida, om du finn rom for ei stille vandring mellom

mektige motiv i no julestria.

Denne gongen er det ikkje berre klassisk ikon-kunst me vil møte. Solrunn har dukka ned i fleire gammaltestamentlege motiv. Ho seier sjølv om dette: - På nordveggen i kyrkja vil det vera ein serie på ni motiv frå Det gamle Testamentet, såkalla "prefigurasjonar" som får si oppfyljing i Det nye testamentet. Såleis vil vandringa gjennom Raudehavet peika fram mot dåpen, medan "Jonas i fiskebuken" og «Daniel i løvehola» vil vera symbol på Jesu oppstode. Denne måten å tolka skrifta på er ein tradisjon som går heilt tilbake til urkyrkja.



Det vil også vera høve til å kjøpa deler av kunsten hennar under utstillinga.

**Ver velkomen!**



"Frans av Assisi"



"Maria med Jesusbarnet" og "Kristus Allherskaren"



Då eg vart spurd om eg kunne skriva i kyrkjebladet om ein salme eg var glad i, kom eg på at eg hadde høyrte på lokal-radioen same morgon om konsert-fenomenet «Salmer på pøbb!», og at det kunne vera interessant å fundera litt rundt kva det er plass til i kyrkjene i Kvam.

Frelsesarmeen sitt Krigsropet har intervjuet dei to leiarane av «Salmer på pøbb», Lewi Bergrud og Thor-Erik Fjellvang. Sistnevnte har vakse opp med foreldre i Frelsesarmeen, og dei to musikarane ynskje å laga eit konsertopplegg der både kyrkjegjengarar og kyrkjeframande kjenner seg inkludert i salmesongen.

-«Puben, som kirken, er et sted mange går til for å finne felleskap, finne trøst, ha det bra og snakke sammen... - Av de som kommer, finnes folk som sier de ikke har vært på gudstjeneste på 20 år» sier Lewi Bergrud. Han fortel også at han blir beveget av å sjå ein 20-åring og ein 70-åring ståande på fyrste rad og syngja sammen på ei felles trus-arv.

Tala på kyrkjegjengarar går ned år for år i Norge. Det er tal som eg personleg synest er trist å høyra om, for eg er av dei som meiner kyrkja er enormt viktig i samfunnet, både som trus-møtestad, kulturminnestad og som ein sosial samlingsstad som går århundrer tilbake i tid. Er me i ferd med å mista alt dette? Og kva må til for at folk skal ynskja å gå i kyrkja, også utanom jul og høgtider? Salmar på pøbb-prosjektet viser at det er mange i Norge som har sterke kjensler for salmar, mange av oss har gode barndomsminne frå både skule og kyrkje med songar me lærte utanåt, men også tekstar som kan røra oss til tårer på dagar der me treng eit løft. Her kan eg jo nevna at mi favorittsalme er «Bred dina vida vingar», kven ynskjer vel ikkje av og til å kjenna velsigning over seg på tunge dagar?

Det er eit stort sprang mellom salmar på pøbb og salmar i kyrkja, og eit sprang skal det vera, men er det altfor stort? Kva må til for å få fleire til å kjenna seg velkomne og ikkje framand i kyrkja? Dette er spørsmål me ofte diskuterer her på kyrkjekontoret i Kvam, for det er det me arbeidar for kvar einaste dag, å ha levande kyrkjer der alle kan kjenna seg velkomne.

**Brei dine vide venger,  
Å Jesus, over meg,  
Og lat meg stilt få kvila  
I ve og vel hos deg!  
Ver du meg råd og visdom  
Og lat meg kvar ein dag  
Av bare nåde leva  
Til siste andedrag!**

**Forlat meg alle synder,  
Og rein meg i ditt blod,  
Gjev meg eit heilagt hug-  
lag,  
Ein vilje ny og god!  
Tak i di rike omsorg  
Oss alle, store, små,  
Og lat i fred oss atter  
Til nattekvila gå!**

Lina Sandell, 1865

Trygve Bjerkrheim, 1950

## Det nyvalde sokne- rådsmedlemet si bøn

Kjære Gud, eg er uforskyldt hamna i soknerådet, har du nokon tankar om korleis eg kan koma frå det? Det er liksom ikkje heilt mitt komfort-område, usikker til tusen, kan ikkje språket der – vil dei andre sjå det?

Eg har ikkje heilt skjønt dette med synd og med nåde, og kva stilling ligg ein i når ein ligg i synd og våde? Eg balar litt her, men så er eg no og frå Hardanger-området; og me hardingar kjem no ein-gong ofte litt i unåde.

Eg går no på ein fest og eg, sjølv om du sikkert vil frårå det, - det er ikkje nett «Fjorden Cowboys», - men det liknar litt på det. Kan eg høva inn i dette kristelege soknerådet? Vert ikkje det ein kulturkræsj av dimensjonar tå det?

Så Gud, eg vil no prøva, eg, - og rett og slett sjå på det, vervet er mitt – eg kan ikkje godt lata andre få det? Men Gud, du må i alle fall vera snill og sjå til meg i nåde så eg ikkje går hen og i vanvare hamnar i fellesrådet....

Olav Skeie Lid



# Med rå ris som niste!

Bethesda er eit sjelesorgsenter i Nepal, starta etter inspirasjon frå Sjelesorginstituttet på Modum bad. Bethedas direktør Ramu var nyleg i Noreg for blant anna å vitja kyrkjelydar som støttar senteret gjennom HimalPartner. Han fortalde om noko han nyleg hadde opplevd: Då eit av kursa han hadde halde i ein fjellandsby, var ferdig, la han merke til at eit par damer som hadde vore med, gjorde seg klare til å dra heim. Dei hadde bare med seg ukokt ris på vegen, og dei hadde ein ti-timars fottur på fjellstiar framfor seg. Det viste seg at det var slik dei hadde reist til kurset, og det var slik dei skulle koma seg heim: Ti timar til fots, med ukokt ris som niste. Dei hadde ikkje råd til å kjøpa mat på vegen, og dei hadde ikkje utstyr til å koka risen undervegs.

I tillegg gjekk dei glipp av arbeidsinntekt for dei dagane dei var på kurs (seks dager inkludert reise i kvar ende) og måtte dek-

ka kost og losji under kurset sjølve. Kvifor var dei villige til å ofra så mykje for å koma på eit kurs i sjelesorg?

Eg trur årsaka er at kursdeltakarane ofte vert sterkt berørt av det dei er med på. Dei lærer viktige ting om fortrulege samtalar, og om det å vera ein tillitsperson i kyrkjelyden. Dei lærer om lytting, og at det i sjelesorg handlar om å ta folks opplevingar på alvor, ikkje å koma med råd i tide og utide.

«Einkvar skal vera snar til å høyra, men sein til å tala...» (Jak. 1:19).

Ein lærer også om kor viktig det er å vera fortruleg, og at den som kjem til sjelesorg må kunna stola på at det han eller ho seier, ikkje vert sladra om, heller ikkje fordekt som «forbønnsstemaer» eller på anna vis.

Det å læra om lytting er ein viktig del av

**Tor Kristian Birkeland**

Generalsekretær i  
HimalPartner



kurset, og for at ein skal kunne lytte til andre sine vanskelege liv på en ordentleg måte, må ein også bearbeida det som tyngrer hos ein sjølv. Kursdeltakarane øver seg difor på hverandre, både under kurset og på retreat som Bethesda inviterer til. Dette kan ofte vera første gong deltakarane får sett ord på ting dei har båret på i lang tid. Det vert ei forløyssande milepæl i deltakarane sine liv som kyrkjeleiarar. Kursdeltakarar seier ofte at dei skulle ynskja at dei hadde fått dette kurset for mange år sidan, for å unngå feila dei oppdagar at dei har gjort. Dei har gjerne bidreg til å tyngja kyrkjelydsmedlemmer ytterlegere med loviske krav, heller enn å letta børa og møta folk med nåde og kjærleik.

Gjennom sjelesorg bidreg stadig fleire kyrkjeleiarar til å gjera kyrkjelyden til ei god kraft i lokalsamfunnet. Kva ville du ha ofra for å delta på eit kurs i sjelesorg?

## Reint må det vera

”Og så litt lenger der borte, Lars – der er det noko meir som må fjernast!”

Kommandolinene er tydelege når kyrkjelydshuset i Strandebarm skal ha seg ein liten juleingjering. Huset er ein del av kyrkjeleg fellesråd sin store portefølje – men er velsigna med ei lokal nemnd i soknerådet i Strandebarm som dreg i trådar og utfører nødvendig vedlikehald. Kva ville kyrkja vore utan frivillige? Ei varm takk til Torill og hennar gode hjelparar som held huset i så god stand.

Denne gongen var det vask av vindaugo og rensking av takrenner som var dagens gjeremål. Kyrkjegardsarbeidar Heine vart sendt opp på taket i lag med Lars Gjerde, takrennearbeid er framleis mannfolkarbeid. Inne i huset var ein røyrleggjar i full sving med å utbetra ein lekkasje. Og i gardintrappa utandørs sytte Hildegunn Måge for at vindaug blenkte. Vedlikehald, vedlikehald, vedlikehald. Er det ikkje det livet i det store og heile dreiar seg om?



**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**



**22 40 00 40**

**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://www.kirkens-sos.no)



**SOS  
MELDING**

**SOS  
22 40 00 40**



**SOS  
CHAT**



# Julekonsertar i kyrkjene våre

Lørdag 2.12	kl 13.00	SKRUK	Norheimsund kyrkje
Fredag 8.12	kl 19.00	Mannskoret Laudamus	Norheimsund kyrkje
Søndag 10.12	kl 19.00	N&Ø ungdomskor	Norheimsund kyrkje
Tysdag 12.12	kl 18.00	Ålvik musikklag m fl Kor i Alle Dagar og soknerådet	Ålvik kyrkje
Onsdag 13.12	kl 19.00	Øystese musikklag, skulemusikken	Øystese kyrkje
Laurdag 16.12	kl 19.00	Damekoret FRYD	Norheimsund kyrkje
Sundag 17.12.	kl 16.00	Øystese barnekor har Luciakonsert	Øystese kyrkje
Sundag 17.12.	kl 19.00	Strandebarm songlag	Strandebarm kyrkje
Måndag 18.12.	kl 18.00	Norheimsund musikklag, skulemusikken, Kvammakoret	Norheimsund kyrkje
Onsdag 20.12.		Me syng gamle, gode julesongar i lag	Øystese kyrkje
Laudag 23.12.	kl 21.00	Kvammakoret syng jula inn	Øystese kyrkje

Sjekk annonsar og nettsider om det kjem endringar

Alle sokneråda har no konstituert seg, og slik ser lista ut over leiarane i sokneråda:

Ålvik sokn: Ida Lindøe  
Øystese sokn: Kjell Dysvik  
Vikøy sokn: Astrid Helleve  
Fylkesnes  
Strandebarm sokn: Margunn  
Mikkelsen Tordal

Vidare har sokneråda valt sine representantar til fellesrådet, og det nye fellesrådet ser slik ut:

#### Frå Ålvik:

- Lisbeth Henriksen
- Ida Lindøe

#### Frå Øystese:

- Kjell Dysvik
- Astrid Lunestad

#### Frå Vikøy:

- Astrid Helleve Fylkesnes
- Magne Kolstad

#### Frå Strandebarm:

- Margunn Mikkelsen  
Tordal
- Tor Håkon Berge

#### Representant for biskopen:

- Sokneprest Vetle Karlsen  
Eide

#### Kommunal representant:

- Arne Opsahl-Engen

## Jul med gjenbruk



På biletet ser me dei friviljuge på Miljøbutikken Plant eit tre i Øystese pyntar butikken, med advents- og juleting. Gjenbruk er bra! (Red)

## Plant eit tre

**Veit du kva som er Kvam si mest suksessfulle bedrift? Den ligg i Øystese, og heiter Plant Eit Tre.**

Den ropar ikkje så høgt, og smålåtne er også dei som arbeider der. Men tala lyg ikkje: det er den suverent beste verksemda i Kvam, målt etter resultat sett opp mot omsetning. Og forklaringa er naturlegvis: ingen av dei som arbeider her, tek ut løn. Her går overskotet rett til prosjekt som dei støttar. I tillegg er det ein miljøgevinst av dei store at me vert oppmoda om gjenbruk i våre dagar.

Besøk dei gjerne, no når me skal til med julehandel!



# Vennefest i kyrkja

Halloween-feiring er kome for å bli, ser det ut til. Mektige marknadskrefter sender kaskadar av meir eller mindre tussete nye skikkar inn over oss. Det er sikkert harmlaust det meste – men det er no til å undrast over, likevel?

I møte med dette har kyrkja og gode samarbeidspartnarar i ei årrekkje invitert til Vennefest i kyrkja. Som ei lita motvekt, og som eit lokalt tilbod i trusopplæringsarbeidet vårt. 31. oktober var 120 barn i alle aldrar samla i Norheimsund kyrkje for å vera kreative, og med eit samla budskap: **eg vil vera ein god ven.** Foreldre og dugnadsarbeidarar fylgde på i rikt monn, og før kvelden var omme, hadde 250 små og store hatt ei triveleg stund, med fokus på å henta fram det gode i ei verd som ikkje alltid er like lys. Stor takk til alle som tok del – og ikkje minst til våre gode trusopplærarar som stod i brodden for det.



Liv og røre under «Bli-med-dansen» inne i kyrkjerommet



Neglelakk-verkstad ved Sevi på Vennefest



Linda Stadheim Valland og Louisa Valland



Guri Høgenæs Bergesen var ein av mange frivillige

## Trusopplæring i Kvam: våren 2024

**Babysong (0-1år):** mandagar, kl 11:00-13:00 i Norheimsund kyrkje  
Datoar: 22.jan, 5.feb, 19.feb, 4.mars, 18.mars

**Småbarnstreff (0-6år):** onsdagar, kl 10:00-12:00 i Norheimsund kyrkje  
Datoar: 17.jan, 31.jan, 14.feb, 13.mars, 10.apr, 24.apr, 8.mai, 22.mai, 5.juni

**Legoklubb (2.klasse):** i Norheimsund (datoane kjem)

**Tårnagent (3.klasse):**

- Norheimsund/Vikøy: lørdag 27.jan & søndag 28.jan
- Øystese: lørdag 3.feb & søndag 4.feb
- Ålvik: lørdag 10.feb & 11.feb

**Kyrkjekino (7.klasse):** i Norheimsund, Øystese, Strandebarm (datoane kjem)





# Konfirmantjubileum i Strandebarm

Tradisjonen tru skipa Strandebarm sokneråd til fest for gamle konfirmanter etter gudstenesta søndag 3. september i årsklassane 50- 60 og 70-årsjubilantar. Ekstra kjekt at prost Arild Hellesøy heldt gudstene- sta denne sundagen, og hadde høve til å delta på samkoma.

Til saman 20 "gamle" jubilantar møtte opp til samkoma. Me starta opp med god sosekjøtmiddag, og etterpå var det kaker og kaffi. Forfattar Oddvar Skogasel var med og las segner og historiar,

mellom anna "Då AEBl-en kom til byg- da". Trygve Torvik gav oss fine tonar på munnspele, og Margunn Mikkelsen Tordal gav oss tonefylgje på pianoet ved allson- gen. Som tradisjonen er, så vart mellom anna Strandebarmsongen avsongen med stor entusiasme.

Men som alltid er det drøsen rundt bor- det som var det viktigaste og kjekkaste for forsamlinga. Det var tid for å fretta nyhende og rippa opp i gamle historiar. Alltid kjekt å koma saman etter så mange år, ofte på ulik kant av landet.

## 50-årsjubilantar:

Torbjörg Vangdal, Ingrid Berge, Leiv Mag- nar Fosse, Anne Grethe Wilhelmsen, Målfrid Nes Skogseide, Marit Synnøve Lyhammer, Bente Oma Tveiten, Heidi Meland, Margunn Mikkelsen Tordal, Bjørn Stranden, Per Eivind Rekve.

## 60-årsjubilant: Håkon Bru.

## 70-årsjubilantar:

Andreas Tveiten, Simon Måge, Irene Øyeflaten, Anne Marie Kallevik, Torbjørn Skogvoll, Per Brekke, Trygve Torvik, Lars Olav Augestad.

Alle er samde om at dette er ein flott tra- disjon, og det er bra at alle som har høve til det melder seg på og møter opp. In- vitasjon til neste års jubilantar kjem utpå våren.



Trygve Torvik er ein erfaren musikant

No kan de sjølve prøva å finna dei glade jubilantane att på bileta.



## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting? Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eikner naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris  
Ring 406 11 817  
Leivmagnar.fosse@gmail.com



Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.  
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

For informasjon og avtalar ta kontakt med **Rusk og Rask** v/Arvid Strømme tlf. 99597848.

# Bygge felleskap i ny kultur

Det skjer mykje i kyrkjene våre! Sokna i Vikøy og Strandebarm har samarbeidsavtalar med KIA, Kristent Interkulturelt Arbeid, om å skape fleirkulturelle fellesskap i bygdene våre. Målet å skapa gode møteplassar der ein kan få utvida nettverket sitt. Tor Håkon Berge frå Strandebarm er prosjektmedarbeidar i KIA Vest og fortel at dei har fleire prosjekt i Kvam:



*Me gjer mykje forskjellig.*

Tysdagar er det Ope hus i kyrkjelydshuset i Strandebarm frå klokka 18.00 – 19.30, dette er i samarbeid med Lions Club og Strandebarm sokneråd. Onsdagar samarbeider me med Norheimsund indremisjon om språkkafè i Norheimsund bedehus, takka vera at Eli S.Tveitane tok kontakt med oss med ynskje om å gje meir tilbod til flyktingar i etterkant av at krigen starta i Ukraina. I Norheimsund kyrkje er det Fleirkulturelt fellesskap torsdagar frå klokka 14.30 med enkel servering. Etterpå er det Mannsgruppe.

*Kva skjer på Fleirkulturelt fellesskap?*

Det formar seg litt etter kven som kjem. No er det mange som er opptatt av språkutvikling, så det er mest ein språk-kafè, me spelar spel og snakkar om ulike tema. Mange ynskjer ha nokon å praktisera norsk med. Her skulle me vore fleire frivillige for å halda samtalar og gjerne bidra på kjøkenet, det er veldig kjekt om nokon fleire vil vere med!

*Kan du fortelje meir om Mannsgruppa de driv?*

*Kva er ei mannsgruppe?*

Mannsgruppa i Norheimsund møtest på torsdagar frå rundt klokka 16, etter det fleirkulturelle fellesskapet.

Her har me fokus på mannsrolla i ein ny kultur, og det fulle namnet til prosjektet er «Mannsgruppe for samfunn-, arbeid-, og språkkompetanse». Dette er ei etterlengta tiltak, for menn er ofte ei oversett gruppa sjølv om det er ei stor overgang for mange å koma inn i det norske samfunnet, og både forstå mannsrolla og familierelasjonar. Mange tema blir tatt opp som likestilling, jobb, utdanning, venskap, kulturskilnadar og ynskje om hjelp til alt frå å forstå offentlege dokument til nokon å lære køyra med. I tillegg har ei ny gruppe deltakarar i mannsgruppa nyleg avslutta symjekurs på Hardangerbadet, for mange vaksne innvandrarakar kan ikkje symja.





*Utanom dei faste aktivitetane skjer det også litt anna.*

I Norheimsund har me samarbeida med Vikøy sokneråd om middagar og fellesskap. Det er veldig kjekt, og slike fellesskap skulle me gjerne hatt oftare! Elles har me utdeling av julegåver. Fykse grendeutval har i mange år har gitt gåver til julefeiringar for flyktningar, så dette er i samarbeid med dei. Born i lokale skular har og gitt vidare gåver til born med flyktningbakgrunn, så det er veldig meningsfullt. I fjor hadde me ein flott julefest i Norheimsund kyrkje, i samarbeid med soknerådet og mange lokale krefter, blant anna mannskoret Laudamus, Heims musikklag, og ordføraren gøymde seg bak nissedrakten. Det er godt å samlast til slike samlingar der det er mogeleg å helse på nye. Det kan vera vanskeleg å bli kjent med nordmenn, så det er bra med møteplassar.

*Så det trengst frivillige?*

Ja, absolutt. Det hadde vore veldig flott med fleire frivillige medarbeidarar, både til språkkafè, øvekøyring, fellesskapsmiddagar, kaffilaging og som samtalepartnarar. Det viktigaste er å knyte band og få kontaktar. Då treng me å møtast, så frivillige er hjartans velkomne til å ta kontakt!

**Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)** blei oppretta i 1974 og er i dag den største diakonale, frivillige, ideelle organisasjonen på integreringsfeltet i Noreg.

- Visjonen er eit fleirkulturelt fellesskap i kyrkjelydar og samfunn!
- KIA Vest er ein av seks regionar under KIA Norge, og aktivitet i Kvam har blitt drive av KIA Vest sidan sommaren 2021.
- Informasjon om arbeidet ligg på Facebook-sida, KIA Vest, og på heimesida: [www.kianorge.no/region/kia-vest](http://www.kianorge.no/region/kia-vest)
- Verdiane er **LIKEVERD, OMSORG og VENSKAP**



**Bli frivillig medarbeidar!**

Ta kontakt med Tor Håkon på tlf: 408 84 271

e-mail: [tor.berge@kianorge.no](mailto:tor.berge@kianorge.no)

Astrid Helleve Fylkesnes tlf: 951 44 731



## Ope hus i kyrkjelydshuset i Strandebarm

**Det svirrar på fleire tungemål i kyrkjelydshuset i Strandebarm kvar tysdag ettermiddag. Ope hus betyr folk frå ulike land og kulturar**

Tiltaket er kome i stand ved hjelp av eit samarbeid mellom Strandebarm sokneråd, Lions i Strandebarm og KIA Vest. Primært er tiltaket retta mot dei mange ukrainarar som har funne bustad i Strandebarm i ei uroleg tid, men også nederlendarar har svive innom. Her blir det lagt vekt på integrering og mangfald, og ynskje om å læra språk er stort, fortel Inger Karin Tordal, som er ein av dei frivillige strandbermer som finn vegen hit kvar tysdag.

Det har nok meir og meir utvikla seg til ein språk-kafe, fortel ho.

Moderne oversetjings-appar er flittig i bruk rundt bordet, og både kroppsspråk og geberder må til i tolkinga av vanskelege ord. Og kaffi med noko lite søtt attåt er aldri feil i ein mørk haustkveld. Verda er vond og vanskeleg – her må me finna varme og fellesskap der me kan.



# Dei gamle, gode julesongane

Det står ikkje til nekta: kunnskapen og utabok-læring av salmar og songar er ikkje kva den var. Pugging av salmevers – og herunder julesongar – høyrer fortida til, - og kanskje er det godt at det er slik. Ikkje alle fann hugnad i å verta høyrd i salmeverset i skulestova.

Likevel må det kunna seiast: med så gjort forvittrar den felles kulturarven vår som salmeskatten – og julesongane er. Dette vil soknerådet og indremisjonen i Øystese freista bota ørelitt på, og inviterer i år til felles songstund i kyrkja onsdag 22. des. Her er det samsongen som gjeld, og ingen slepp unna med berre det første verset. Kjenner eg tilskiparane rett, så vert det mange og relativt ukjende vers som lyt hentast fram i ljuset denne kvelden. I ein julemånad der me stort sett er konsumentar av julemusikk, er det heilt på sin plass at nokon hentar fram allsongen og blankpussar den.

Og gode, gamle Harald Kjosås skal hjelpa oss med dei gode, gamle julesongane.



## FRÅ KYRKJEBØKENE



### Dåp

#### Øystese sokn

Aliya Susanne Lindberg  
Olav Stalheim Børven  
Jakob Nedrebø Langeland

#### Vikøy sokn

Brynjolf Gauden  
Brage Opsahl-Engen  
Iver Øyri Haukås  
Lisa Blindheim  
Karianne Eide Haugstad

#### Strandebarm sokn

Hedvig Løtvedt Haraldsen  
Frida Løtvedt Haraldsen  
Margit Røyrvik Fjeldstad  
Harald Røyrvik Fjeldstad  
Elise Løken  
Bella Bru Riise

#### Ålvik sokn

Vilja Rysjedal  
Mille Torvund Mo



### Gravferd

#### Ålvik sokn

Cesilia Larsen (f. 1934)  
Karin Marie Natås Larsen (f. 1943)  
Anna Rekve (f. 1929)

#### Vikøy sokn

Eli O. Steine (f. 1930)  
Ingrid Eide (f. 1929)  
Åse Birkeland (f. 1955)  
Kari Bjørgum Hauger (f. 1951)  
Anna Saue (f. 1926)  
Fritz-Henrik Gundersen (f. 1969)  
Osvald Heimdal (f. 1933)  
Kjetil Arne Norheim (f. 1947)  
Signe Skeie Brurok (f. 1966)

#### Strandebarm sokn

Simen Dreyer Karlsen (f. 1997)  
Olivia Varela Byrkjenes (f. 1964)  
Anne-Lise Bergtun (f. 1943)  
Oddny Teigland (f. 1930)  
Helrun Nernæs (f. 1931)

#### Øystese sokn

Halldis Spilde (f. 1924)  
Sigbjørn Kvandal (f. 1950)  
Hallgeir Botnen (f. 1977)  
Hilda Andersen (f. 1934)



### Vigde

#### Strandebarm sokn

Susanne Totland og  
Lasse Ueland Johannessen

#### Vikøy sokn

Ingvild Tolo og Einar Gustav Follesøy Kaldhol  
Marte Norheim og Johannes Neteland  
Thomas Pettersen og Jonas Jelti  
Anne Marie Bogetveit Berge og Per Finset  
Benedikte Bergesen og Trygve Lid

#### Øystese sokn

Marte Neteland og Håvard Fremgaard Fiksen



# Kyrkjegarden

Kyrkjegarden er så mangt. Ein stad å minnst, ein stad å vandra mellom vakre gravminne, finna kvile og rekreasjon. Kyrkjegarden er vår felles minnebank, eit levande kulturminne.

Men kyrkjegarden er også ein arbeidsstad. Kyrkjegarden er krevjande arbeidsforhold, kyrkjegarden er fysisk arbeid for menn(?) som er herda til å tola det som møter dei under jorda. Kyrkjegarden er sol over haustgule bakkar, kyrkjegarden er frost og tele og lange arbeidsdagar. Kyrkjegarden er vatn i grunnen som må pumpast ut or grava, kyrkjegarden er hardt slit på tunge gravsteinar.

Kistegravene dominerer hjå oss framleis. Om lag 80 % av gravferdene er kistegraver, resten er urner. Dette handlar om tradisjon, - og litt om vanetenkjing. Kanskje vil dei namna minnelundane endra på dette? Kremasjonsprosenten er stigande allereie før dei namna minnelundane er komne på plass. Og godt er det - urner er definitivt ei enklare løysing enn kistegraver.

Men godt er det uansett å ha dugande arbeidarar i møte med alle slags utfordringar ute på kyrkjegarden. Her er arbeidsformann Heine Ugletveit og innleigde Harald Kjosås foreviga før ei gravferd i Vikøy.



## 50-årsjubilarantar i Vikøy sokn



Fotograf: Katrine H. Van Tulder

1. rekkje (sitjande): Marit Kristiansen, Bodil Telstø, Anne Margrete Norheim, Erna Tveiten Aarekol, Brith Haugland Bø, Margrete Valland, Brynhild Stave Fylkesnes,

2. rekkje: Gro Reistad, Laila Drage, Kari Norheim Kaldestad, Anne-Toril Valland Laupsa, Helga Høgenæs Bergesen, Alis Sørheim Ringheim, Liv Kirsten Byrkjeland Rykkje, Dagfrid Øye Kolltveit, Jorunn Brurok Lillefosse, Gerd Rosseland Linde, Anne Kjersti Steinsvoll

3. rekkje: Bård Sandven, Øystein Måkestad, Øystein Kvåle, Aasmund Storebø, Arne Torvik, Nils Einar Sørheim, Arne Hesthammer, Olav Bjarte Fosso, Torbjørn Neteland.

# GUDSTENESTER I SOKNA

## 3. desember

Norheimsund kyrkje kl.16  
Lysmesse

Ålvik kyrkje kl.17

Lysmesse

## 10 .desember

Strandebarm kyrkje kl.17

Lysmesse

Øystese kyrkje

Fakkeltog for forfølgde kristne  
kl.18

Lysmesse kl.19

## 17.desember

Norheimsund kyrkje kl.11

## 19.desember

Øystese kyrkje kl.11

## 24.desember

Strandebarm kyrkje kl.14.00

Julaftangudsteneste

Øystese kyrkje kl.15.00

Julaftangudsteneste

Norheimsund kyrkjer kl.16.30

Julaftangudsteneste

Ålvik kyrkje kl.16.30

Julaftangudsteneste

## Juledag, 25.desember

Norheimsund kyrkje  
Felles høgtidsgudsteneste kl.12

## Nyårsaftan, 31.desember

Strandebarm kyrkje kl.16.00

Vikøy kyrkje kl.18.00

## 7.januar

Øystese kyrkje kl.11

## 14.januar

Norheimsund kyrkje kl.11

Ålvik kyrkje kl.17

## 21.januar

Øystese kyrkje kl.11

Strandebarm kyrkje kl.11

## 28.januar

Norheimsund kyrkje kl.11

## 4.februar

Øystese kyrkje kl.11

Strandebarm kyrkje kl.11

## 11. februar

Ålvik kyrkje kl.11

Norheimsund kyrkje kl.16

Fastelavngudsteneste

## 14. februar

Vikøy kyrkje kl 19.00  
Askeonsdagsmesse

## 18. februar

Øystese kyrkje kl.11

Strandebarm kyrkje kl.11

## 25. februar

Norheimsund kyrkje kl.11

## 3.mars

Øystese kyrkje kl 11.00

## 10.mars

Norheimsund kyrkje kl.11

Ålvik kyrkje kl.17

## 17.mars

Øystese kyrkje kl.11

Strandebarm kyrkje kl.11

## 24.mars

Norheimsund kyrkje kl.11

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

## Løpar treng eit løft

- Her skulle det vore kjøpt ny golvløpar! Den gamle kona i Øystese ser strengt på kyrkjevevjen. Og kyrkjevevjen ser audmjukt ned og sannar: visst skulle det vore handla inn ny golvløpar i vakre Øystese kyrkje.

Men kyrkja sin økonomi er ikkje all verda for tida – det torer vera velkjent. Ny løpar i Øystese kyrkje ligg ikkje inne i budsjettet til fellesrådet for neste år. Rådmannen sitt framlegg til stønad for kyrkja for neste år gjev heller ikkje rom for store innkjøp. Soknerådet sin økonomi er trygg og solid – men avgrensa, den og. Men kanskje finst det nokon der ute som kan tenkja oss å gje oss ei hand? Finst det eit lag eller organisasjon med tilknytning til Øystese som seier: JA, dette vil me gjerne gje som gåve til kyrkja? Ein ny løpar kostar om lag kr 40 000,-

Redaktøren av kyrkjebladet vidareformidlar med dette kyrkjevevjen sitt frimodige innspel til bygdefolket i Øystese. Me er vel vitande om at dette er ei offentleg oppgåve – men like vel vitande om at der det offentlege ikkje strekk til, der overtek ofte det frivillige og det private.





**- Din lokale VVS-leverandør**

**Våre fagfelt:**

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - [www.tecno.no](http://www.tecno.no) - E-post: [post@tecno.no](mailto:post@tecno.no)

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT  
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND

**JAN MO A.S.**

Øystese | 56 55 59 22 | [janmo.no](http://janmo.no)

**JOHAN SKEIE AS**  
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

**GULES**

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

**Øystese Elektriske AS**

**DIN LOKALE ELEKTRIKAR**

- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstrøm
- ENØK og smarthusløyserar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · [www.oelas.no](http://www.oelas.no)

Byggmeister  
**PER AUGESTAD A/S**

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: [per@peraugestad.no](mailto:per@peraugestad.no) heimeside: [www.peraugestad.no](http://www.peraugestad.no)

**MESTERHUS**  
[www.mesterhus.no](http://www.mesterhus.no)

**optikk Bjelland**

**Briller - kontaktlinser - ur**

[www.optikar-bjelland.no](http://www.optikar-bjelland.no) tlf.: 56 55 20 50

**HARDANGER BYGGSENTER**

[www.hardangerbyggsenter.no](http://www.hardangerbyggsenter.no)

BYGGtorget **MESTERHUS**  
- det blir som øvst

**KVAM KRAFTVERK**

**Til deg! For deg!**

**SparebankenVest**  
- satsar på vestlandet

[www.spv.no](http://www.spv.no) | Tlf. 05555

## Øystese barnekor

*- Og så må vi huske på å holde tonen helt til jeg slår av, ikke sant?*

Den milde, men bestemte røysta til dirigent Eirin Beate Åserud-Løvli er ikkje til å ta feil av. Myndig og kjærleg leier ho sine syngjande disiplar gjennom både øving og framføring. Til dagleg øver Øystese barnekor i SFO-tida i Øystese bedehus. Her er det mykje god allmennkunnskap som er i sving på ein gong: læring utanåt, få stemma på plass, høyra på andre, og opptre med verdigheit. Alt var på plass då barnekolet var med på familiegudsteneste i Øystese kyrkje ein søndag i november. Gullande reint song dei, og lyfte ei sprelsk gudsteneneste endå høgare med sin song. I lag med Lys Vaken-gjengen utgjorde dei ein særdeles fin mix.

Øystese barnekor, altså!



## LEGO-klubb er kjekt!

LEGO-klossen ser ut til å overleva både ipadar, nettbrett, mobilklokker og andre dippe-duttar. Framleis triggjar det små barnehender å forma sine eige produkt ut frå desse små, men geniale plastbitane. Kyrkja si trusopplæring har plass til eit slikt tiltak som LEGO-klubb, og denne månaden var det tid for 8-10 årsgjengen til å møtast under kyrkjekvelven både i Ålvik og Øystese. Under altertavla med bilete av den oppstadne Kristus er det rom for kreativitet, og ærverdige kyrkjerom vart brått gjort om til verkstad for glade barn. Ingenting er betre.



Chloe Hsu Morondas og Tonje Dahle.

